

REFERAT FRÅ FAU-MØTE VED MARVIK SKULE

Tid: tysdag 4.september 2018 klokka 17:00 – 19:00 på Marvik skule

Til stades: 1.kl: Lars Ove Fjetland
2.kl: Susanne Log (vara for Liv Jorunn Øvrebø)
3.kl: Anette Veen (vara for Lars Terje Øvrebø)
4.kl: Morten Bakken
5.kl: Anne-Kate Ellingsen
6.kl: Sverre Østebø
7.kl: Aslaug Fjetland

Sak 1/18-19: Vedtekter, konstituering:

- Morten Bakken blei einstemmig vald til leiar (skulle vore gjort på årsmøte i juni ifølge vedtekter)
- Lars Ove Fjetland blei vald til nestleiar, og Anne-Kate Ellingsen til skrivar.
- Morten Bakken og Lars Ove Fjetland blei vald til representantar i KFU
- Morten Bakken med vara Sverre Østebø, og Lars Ove Fjetland med vara Aslaug Fjetland blei vald til representantar i SU og SMU.

Sak 2/18-19: Orientering frå rektor

- Læringsmiljø: Godt læringsmiljø i 1.-4.klasse – alle trives!
- Utfordringar i 5.-7.klasse med tanke på språkbruk og åtferd mot kvarandre. Dette blei også tatt opp av kontaktlærar på foreldremøte 28.08.18.
- Alltid vakt i friminutta.
- 1.-2.kl har oftast timar aleine med Ingrid, mens 3.-4.klasse har undervisning med Anne Margrete.
- Også ufaglærte har ansvar for kjernefaga norsk, matematikk og engelsk.

Sak 3/18-19: FAU sitt mandat/arbeidsområde

- Viser til §1 i vedtektene. For FAU dette året vil det vere særskilt fokus på oppfølging av læringsmiljø, aksjonskveld og storforeldremøte.

Sak 4/18-19: Storforeldremøte

- Eit viktig tema er spørsmålet om innføring av 5-dagarsveke. På Sand gjer dei det slik at dei startar og sluttar på same tidspunkt, men har kortare dagar onsdag og fredag. Timane varer i 60min.

- Frå ein pedagogisk ståstad er 5-dagarsveke best. Onsdagsfri vert opplevd som ei lita helg, og ein starter på nytt torsdag. For kontinuiteten i leseopplæringa vert onsdag også eit avbrekk utan lekse.
- FAU satsar på å arrangere storforeldremøte om temaet i siste halvdel av februar, og vil be om at leiar for oppvekst, Ingebjørg Rullestad Gjerde, deltek for å informere og svare på spørsmål. Kanskje kan også Svein Carlos Gjil fortelje om erfaringar rundt innføringa av 5-dagarsveke på Sand skule?

Sak 5/18-19: Ymse

- Elevane på fjerde trinn har i år fri kvar onsdag i motsetnad til tidlegare år. Desse elevane får likevel det timetalet som ligg til grunn i Opplæringslova i dei ulike faga.
- Morten Bakken tar ønsket om SFO-tilbod og betaling berre på ettermiddagstid, med til KFU.
- Frukt: Bygdekvinnelaget sponsar frukt ein dag i veka. Det kjem ranselpost til elevane med tilbod om dette.
- Aksjonskveld: Kirkens Nødhjelp. 2.oktober klokka 18:00.
 1. Mat, kaffi, utlodding, gevinst frå spurte sponsorar pluss ein gevinst frå kvar familie. Elevunderholdning.
 2. Alle medlemmer i FAU baker ei langpannekake:
 - Lars Ove: krydderkake/surmjølkskake
 - Liv Jorunn: Valfri (sjokoladecake?)
 - Lars Terje: eplekake
 - Morten: sjokoladecake
 - Tor Øystein (vara Anne-Kate): valfri (sjokoladecake?)
 - Sverre: Lappar
 - Aslaug: Gulrotkake

Ei av kakene bør vere glutenfri.
 3. Morten handlar: kaffi, fløte, saft, syltetøy, serviettar. Sjekkar mengde med Nina om kva som vart brukt i fjor.
 4. Priser: kake 10kr, kaffi 5kr, saft 5kr.
 5. Låne årer frå korps. 20kr/åra.
 6. KUN KONTANTAR!!
 7. FAU møter klokka 17:30, koker kaffi. Er med og ryddar om kvelden.
 8. Vekslepengar: Morten hører med Nina om korleis det blei gjort i fjor.
- Neste møte: 27.11.18 klokka 17:00 – 19:00 på Marvik skule.

Møte slutt 18:55
Anne-Kate Ellingsen